



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Saksbehandlar:	Dato:
	PLAN-22/00064-46	Svein Rune Notøy	31.05.2024

Reguleringsplan gang- og sykkelveg Smågetoppen, ny behandling etter klagesak - Avgrensa høyring

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-14, og Aukra kommune sitt delegeringsreglement, vert reguleringsplan gang- og sykkelveg Smågetoppen sendt på avgrensa høyring i seks veker (fristen vert utvida med tre veker grunna ferieavvikling).

Bakgrunn

Reguleringsplan gang og sykkelveg Smågetoppen blei vedteken av kommunestyret i møte den 13.04.2023, under sak PS-22/23. Hovudhensikta med reguleringsplanen var å leggje til rette for etablering av gang og sykkelveg med tilhøyrande anlegg langs delar av fylkesveg 531, Smågevegen. Nærmare bestemt på strekninga Smågekrysset til Stongneskrysset, og vidare langs delar av fylkesveg 6046 opp til Smågetoppen.

Vedtaket vart kunngjort gjennom brev til berørte partar den 17.04.2023, og som annonse i Romsdal Budstikke den 19.04.2024 i samsvar med krava i plan- og bygningslova § 12-12, fjerde og femte ledd, og forvaltningslova § 27. Vedtaket blei samstundes publisert på kommunen sine heimesider og sosiale media. Klagefrist var i perioden 19.04.2023 – 10.05.2023.

Etter vedtaket mottok kommunen to klager: Frå Andreas Småge datert den 26.04.2023, og frå Stein Arild Småge datert 27.04.2023. Klagen vart mottatt innanfor klagefristen og klagarane vart vurdert til å vere partar i saka då eigedomane deira vert direkte berørt av reguleringsplanen og det planlagde tiltaket.

Innhaldet i klaga frå Andreas Småge datert 26.04.2023 (klagen er vedlagt i si heilheit):

Smågevegen 105 (del I av klaga)

- Ønsker ikkje rekkverk/autovern mellom fylkesvegen og gang- og sykkelvegen, og ønsker at dette fjernes fra planforslaget. Han ønsker heller at gang- og sykkelvegen blir flyttet 0,5 meter fra hovudvegen slik at breidda på grøfta blir totalt 1,5 meter. Utbygger vil

Postadresse:

Besøksadresse:

Telefon:

Org.nr.:

E-post:

964981337

spare pengar på kostnader knytt til oppsett av autovern, samt kostnader knytt til seinere vedlikehald. Ei løysing utan rekkverk vil vere visuelt finare.

- Ønsker at det tas inn kryssing frå gang- og sykkelvegen til bebyggelsen på Smågetoppen i plankartet
- Høydeforskjellen mellom gang og sykkelvegen og takoverbygd terrasse på hans eiendom er såpass stor at det må gjeres tiltak i forbindelse med etablering av gang- og sykkelvegen (riving og gjenoppbygging).

Bekkerholen (del II av klaga)

- Andreas Småge meiner at Aukra kommune har forplikta seg til å gjennomføre reguleringsplan for Bekkerholen samtidig med reguleringsplanen for gang og sykkelveg Smågetoppen. Han viser til at Aukra kommune meldte oppstart av reguleringsplan for Bekkerholen den 17.12.2012, og det finnes historiske dokument før og etter av Aukra kommune som viser at kommunen har forpliktet seg til å gjennomføre denne reguleringsplanen.
- Han krever at kommunen sjølv gjer dette arbeidet eller leiger inn ekstern plankompetanse til å gjere arbeidet for seg. Han skriv at han forventer at arbeidet med å inkludere Bekkerholen vert starta opp snarast som lova i e-post fra tidlegare plansjef Kjell Lode datert 19.09.2014.

Innhaldet i klaga frå Stein Arild Småge datert 27.04.2023 (klaga er vedlagt i si heilheit)

- Ønsker ikkje rekkverk/autovern mellom fylkesvegen og gang og sykkelveien, og vil at dette fjernes fra planforslaget. Rekkverk som dette blir fort overgrodd av ugress, og det blir vanskelig å vedlikeholde. Ønsker at det blir lagt opp til enklast mulig vedlikehold, og mener at å legge til rette for grøft som kan klippes med traktorklipper er å foretrekke. Forslår å øke avstanden mellom gang og sykkelvegen og fylkesvegen til 1,5 meter.
- Dersom det blir montert rekkverk/autovern utan oppmerket kryssingspunkt til bebyggelsen på Smågetoppen kan dette bli en trafikkfelle.
- I plankartet er det vist forslag til ny fellesavkjøring ved Smågetoppen. Det er foreslått at den nederste avkjøringa ved Anne Tangen Småge blir sanert, og at den øverste avkjøringen ved Ingunn Hjelmås blir beholdt.
- Den foreslåtte fellesavkjøringen bør trekkes bort fra bakketoppen. Den er litt uoversiktlig, og når muligheten nå foreligger, bør den flyttes lengre nedover. Dette vil bidra til å øke trafiksikkerheten i området. Det er enighet mellom grunneierne at avkjørselen bør flyttes til midt mellom dagens avkjørsler og viser til skisser vedlagt klagen.
- Ca. år 2001 så var det bygging av flere boliger på Smågetoppen, og vi ønsket da å bygge en ny felles avkjørsel. Denne ønsket vi å plassere midt mellom dagen avkjørsler. Men da vi ikke kom til enighet med tidligere eier av 4/3, så måtte vi plassere avkjørselen inne på 4/2. Dette ble ikke en fullgod løsning, men tanken har alltid vært å kunne samle
- avkjørslene når muligheten skulle komme.

Behandling av klagesak i kommunestyret (opprinnelig sak og klagesak er vedlagt i si heilheit)

Klagene var til behandling i kommunestyret i møte den 14.03.2024, sak PS-11/24 med fylgjande resultat:

- Kommunestyret oppheva sitt vedtak i sak PS-22/23, datert 13.04.2023 – Reguleringsplan gang- og sykkelveg Smågetoppen.
- Kommunestyret tok klagen frå Andreas Småge og Stein Arild Småge som omfatta gang og sykkelveg Smågetoppen til fylgje.
- Den delen av klaga frå Andreas Småge som omfatta Bekkerholen vart ikkje teken opp til handsaming.
- Saka vart sendt tilbake til administrasjonen for naudsynnte endringar i plandokumenta basert på innhaldet i klagen.
- Når naudsynnte endringar er gjort i plandokumenta vert saka sendt på ny høyring til berørte partar, for deretter å leggast fram for kommunestyret for nytt vedtak.


Endringar som er gjort i plandokumenta etter klagesaken i kommunestyret

Dei naudsynnte endringane er gjort i plankart, føresegnar og planomtale, og omfattar eit avgrensa område lengst vest i planområdet.

Fylgjande endringar er gjort i planforslaget etter klagesaka:

- Grøfta mellom fylkesveg 6046 (o_KV5 på plankartet) og gang- og sykkelvegen (o_GS10 på plankartet) vert utvida med 0,5 meter til ei total breidde på 1.5 meter. Tilhøyrande tekst under punkt 5.5 i planomtalen er tatt ut. For fartsgrenser 50 og 60 km/t stiller handbok N100 eit krav i kapittel 4.2.1.1 om minimum 1,5 meter avstand mellom veg og gang- og sykkelveg.
- Det er tatt inn forslag til nytt kryss mellom dei to eksisterande kryssa ved Smågetoppen slik det går fram av klaga til Stein Arild Småge. Etablering av denne kryssløysinga avheng av aksept frå vegeigar Møre og Romsdal fylkeskommune, og av at grunneigarane sjølv kostar etablering av det nye krysset og koblar det til eksisterande tilkomstvegar. Dersom dette krysset vert etablert må dei eksisterande kryssa stengast for biltrafikk, dette er vist på plankartet med symbolet «vegstenging/fysisk kjøresperre», og er samstundes tatt inn som eit rekkefølgekrav i føresegnene til planen.
- Traseen på gang- og sykkelvegen er justert slik at den ikkje kjem i konflikt med Andreas Småge sin eigedom på Smågevegen 105, og vert føreslege avslutta parallelt med nytt kryss.
- Det vert etablert kryssingspunkt frå gang- og sykkelvegen og til bebyggelsen på Smågetoppen.
- Dei mottekne klagen frå Andreas Småge og Stein Arild Småge kan med dette sjåast på som imøtekomne.

Utsnitt av reguleringsplankartet vedtatt i sak PS-22/23, seinare oppheva i sak PS-11/24 er vist i figur 1:



Figur 1

Utsnitt av reguleringsplankartet med føreslegne endringar etter klagesak PS-11/24 er vist i figur 2.



Figur 2

Utgreiing

Aukra kommune har ikkje vurdert endringane som er gjort til å vere så omfattande at det vert naudsynt med full høyringsprosess med fylgjande grunngeving:

- Endringane er i stor grad ei justering av eksisterande arealføremål.
- Areal som er omfatta av endringane er eigd av private, og nytt kryss grenser til fylkesveg der Møre og Romsdal fylkeskommune er vegeigar.
- Endringa vil i liten grad påverke gjennomføringa av planen, går ikkje utover hovudrammene i planen, og berører heller ikkje viktige natur- og friluftsområde.

Med bakgrunn i opplysningane over vil saka bli fremja som ei mindre omfattande reguleringsendring og sendt på avgrensa høyring til berørte partar i seks veker for uttale med heimel i plan og bygningslova § 12-14 (fristen er utvida med tre veker grunna ferieavvikling). Vi ber om at klagarane Andreas Småge og Stein Arild Småge gir tilbakemelding på om dei kan akseptere dei føreslegne løysingane og utifrå dette kan trekke sine klager slik at saka kan leggst fram for nytt, endeleg vedtak i kommunestyret. Vi ber samstundes om at samferdselsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune gir ei tilbakemelding på om dei føreslegne løysingane med kryss, utviding av grøft til 1.5 meter og kryssingspunkt kan akseptertast.

Reguleringsendringa vert sendt på avgrensa høyring i perioda 29.05.2024 – 12.07.2024. Vi ber om at merknader vert sendt innan **12.07.2024** til: Aukra kommune, eining for tekniske tenester, Nyjordvegen 12, 6480 Aukra eller post@aukra.kommune.no.

Med helsing

Svein Rune Notøy
Arealplanleggar

Gerd Nerbø
Teknisk sjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Vedlegg:

Plankart revidert 28.05.2024

Føresegner revidert 28.05.2024

Planomtale revidert 28.05.2024

SAK PS-22_23 (EIGENGODKJENNING, 13.04.2023)

SAK PS_11_24 (KLAGESAK, 14.03.2024)

Klage frå Stein Arild Småge 27.04.2023

Klage fra Andreas Småge 26.04.2023